Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39-

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand,

Emne: Høgtidsmat

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim,

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand.

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja - med noko hjelp av

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fru Brita Skaasheim, 72 år, Balestrand, kona på garden.

SVAR

A. Fødselen.

1. Ja, dei gjekk med sengjemat både slektningar, kjenningar og grannar.
2. Dei nærskylde kom fyrst. Elles gjekk dei soleis som det høvde best for kvar einskild.
3. Dei som var nære grannar kunde vel gjera det. Elles var ikkje det vanleg.
4. Um kona som hadde født barnet var vanleg sterk att kom gjerne mor eller syster dagen etter fødselen.
5. Dei gjekk ein gong med sengjemat kvar gong ei kona átte barn, og vanleg ikkje meir.-
6. Rjomegraut var den vanlege sengjemat, som dei gjekk med.
7. Um dei lyddest uppå att til sengjekona var det ingen kjend regel for kva dei skulde bera med seg.-
8. Dei som hadde stutt veg kom med rjomegrauten i fine fat eller verdfulle skåler. Dei som hadde lang veg nytta vent tilstorme

10198

ambarar, som ikkje var måla.
Måla ambarar tykte dei ikkje um her.

9. All føring til barselkonor nemnde dei sengjemat.

10. Kona gjekk sjølv - um ho kunde. Elles kunde ho senda ei dotter eller tenestegjenta.

11. Mannen var vanleg ikkje med. Men um ferdi var lang - og dei laut nytta båt - var gjerne kårmannen med og rodde.-

12. Dei som kom med sengjemat vart mottekne som gjester. Dei gjorde ingen skilnad på det um barnet var gut eller gjenta.-

13. Dei nemnde det sengjematkona.

14. Um barnemori ~~ikkje~~ var heilt sterk med det same hende det at det vart halde samla takke-samkoma seinare for alle dei som hadde bore sengjemat.-

15. Ja, sengjemat bar dei berre til dei som var gifte.-

16. Kring 1920 tok dei til å brigda sendingi med sengjemat. Alle kom ikkje frå den tid med rjomegraut, men dei hadde ymse andre gåvor.-

17. Dei hadde stundom med seg noko som mori kunde nytta til barnet. Det var dei næraste slekt-ningane som gav slike gåvor.-

18. Det same gjeld endå - alt eller råd - og tovo.-

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. Etter skirslingi (-dåpen) hadde dei barsöl. Det var for huslyden på staden, besteforeldri – og alle fadrane.

20. Dei nemnde dette barsöl.–

21. Fadrane hadde gjerne ei gåva til barnet. Det var jamnast ein minneting av sylv. Frå 1890 åri kunde det vera ei bankbok. I barsöl fekk dei gjestebods-middag med heimabrygg og dram. Etterpå fekk dei toddy (varmt vatn med sukker og Cognac) og ofte kveldsmat. Forskylde som hadde lang veg låg der ofte um natti.– Frå kring 1900 fekk dei gjestebods middag med kaffi og kakor.–

22. Det var störst vyrdnad for den kona som bar barnet til dåpen, og ho gav ofte mest.–

23. No er det so ymse. Det er ofte mori sjölv som ber barnet til dåpen, og faren er ein av fadrane.

## B. Fødedag.

24 Fram til kring 1890 åri for dei til vanleg ikkje med og heldt fødedagar her – korkje for born eller vaksne.

25. Vyrde gardmenn bad gjerne grannane (mennene i grendi) til seg på 50 års dagen sin.–

26. Berre dei som var bedne kom til slike samkomor.–

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

27. No er mange ofte i lag um å gjeva gåvor. – Det vert gjort utan tanke på å koste i gjestebod

28. Folk var smånøgde tidlegare. Det var lite som skulde til. Ein liten dram kunde dei ofte tykja gildt um, serleg um dei fikk han med nokre velmeinte, gode ord. Slike ord kunde få varande verd. – Det var sjeldan tilskipingar med umframs god mat. –

29. No vert det nytta både sjokolade og kaffi med mange slag fine kakor – og gjos på bordi. –

C. Konfirmasjon. –

30. Gamle folk kan ikkje minnast her at dei hadde nokon festleg tilskiping på konfirmasjonen.

31. Frå kring 1920 held dei no konfirmasjonslag for fadrane og noraste skyldfolk. –

32 Presten og klokkaren er vanleg ikkje med i slike lag. –

33. Besteforeldre og fadrar gjev jamast gåvor no. Tidlegare var det lite med gåvor. –

34. Der det vert halde konfirmasjons-lag er det vanleg at fadrane gjev gåvor. –

35. Kakone som vert nytta lagar dei sjølve i heimane. –

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

D. Brudlaup.

36. Ja, når det var serleg vyrdnad med ei truloving vart det halde bilamål. Eg minnest frå 1894 at odelsguten på ein av storgardane i bygdi vart trulova med ei gild gardmannsdotter. Då vart det halde bilamål*) for gjenta og foreldri hennar. Fyrebuingane hadde vore heilt dulde. Det var ein fin haustdag. – Um ettermiddagen gjekk foreldri og dei unge ein tur i bygdvegen, fyrst fedrane, so mødrene og deretter dei ny-trulova. Far og mor til odelsguten gjekk på høgre sida til far og mor til gjenta. Gjenta gjekk til høgre for guten sin. Det var som ein skrudgang, ei vyrdeleg kunngjeringsferd, som det var fint å sjå på. Dei som kom til møtes helsta dei med stor vyrdnad. Ingen spurde foreldri eller dei unge um noko. Men alle sa: „No er han Jóans og ho Johanna forlova". –

37. Det var vel sjeldan at bilamål vart halde i so høgtideleg form. Det retta seg etter råd og husrom. Ofte gjorde guten „det visst" med gjenta si ute i skogen, på stølen eller heime på fjoslemen, og ungdomar som hjosna eller dei hadde gaman av å bjølla. – Det var heile

*) I heimen hjå odelsguten.

10198
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

høgtidi for so mange. –

38. Det vanlege her var, at brudlaupi skulde stå (vara) i 3 dagar. Gjester som hadde lang veg å fara kom brudlaupsafta. Då var det full fest med dans i brudlaupsgarden.

I brudlaupsgilde fekk dei:

a) 1. Morgondram (dram på sengi) med fine bröd. 2. Fyrstikse koffi og kakor. 3. Bisk, koffi, bröd, smör, ost, kjötpålegg, myssa og heimabrygg. 4. Non, jamnast sodd og heimabrygg og dram. Um ettern. toddy. Frå 1890 åri koffi um ettern. 5 Kveldsmat – same slag mat som til bisk. –

b.) Lepsekling og ymse heimelaga kakor var vanleg til bisk og kvelds. Kring 1900 heldt dei upp med å sylta sodd. Då hadde dei kjöt eller god fisk til middag og desert ettepå.

C. Til andre dags middag (rolegdagen) skulde det vera rjomegraut, og då skulde brudi fyrste gong syna seg i konehua. Det var sers høgtid med dette målet. –

d. Hjelparar som jamnast budde i næraste grendi kom ofte saman 4. dagen.

39. Til brudlaups var det ymse slag sendingar – alt etter råd og skyldskap –. Bönder skulde millom anna senda eit nautelår.

40. Smöret kom dei ofte med i fine

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

smørformer.

41. Han som bad til brudlaups samla aldri gåvor. Det kunde han ikkje gjera. Ordet Bennarmen brukte dei ikkje. For det var ein arming som bad um hjelp.—

42. Det dei hadde med seg nemnde dei sending- eller føring.

43. Dei som hadde stutt veg, og vanleg føring bar det gjerne med seg sjølve brudlaupsdagen. Dei som hadde lang veg- og stor føring sende gjerne unglyden med det brudlaupsofta.

44. For dei som soleis kom med føring var det full fest i brudlaupsgarden kvelden- og natti fyre brudlaupet - med spel og dans.—

45. Det var ikkje vanleg at unglyden då fekk noko med seg heim.—

46. Klevakonone (dei var jamnast 2) tok imot føringi- og lagde i korgi" alt når gjestene "for heim

47. Frå 1920 åri varer brudlaupi jamnast ein- eller berre 1/2 dag.

48. Der det er høve til det vert brudlaupi ofte haldne på hotell.—

49. Det hender at trulova par reiser til byen og gifter seg stillferande utan nemnande brudlaups lag. Men då held dei

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ofte eit vyrdelegt gilde, når dei er komne heim att.

50. Skyldfolk og vener gjev då og minnegåvor.

51. Brudlaupsdagen vert ikkje nemnande høgtida. — Men ved gullbrudlaup skipar dei til stor fest.

III. Gravöl. (Ordet gravferd er mest nytta.)

52. Til gravferd bad dei skyldfolk, gode kjenningar og næraste grannar. Ein vyrd mann for kringum og bad.

53. Gravferd stod jamnast på ein dag. Dei fekk kaffi og smörbröd ~~med det same dei kom~~, og middag med kaffi og kakor etter jordfestingi.

54 Bordsetena vart alltid ved langbord.

55. Ingen fast regel.

56 Nei.

57. Hjå næraste granne som hadde husrom.

58 Gjestene bar föringi med seg.

59. Dei hadde ofte fine smörform-stykke. Elles nytta dei vanlege bidne.

60. Det var ikkje vanleg med samkoma kvelden fyre gravferdi. Derimot var det samkoma då dei lagde den döde i kista. Dans ved ei slik

10198

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

samkoma her i grendi var siste gong 1889.–

61. Skilnad på malen ved ei graoferd var det ikkje. Bordreidingi var eller som rådi kunde vera. Det var best umtykt det som var i høveleg samsvar med den same stoda.

62. No varer graoferdi vanleg umlag 1/2 dag. Folk kjem i syrgjeheimen med middag, fylgjer med til kyrkjegarden – og fer jamnast bordseta ellegjå – anten på hotell eller i heimen.–

63. Ved middag i slike samkomor vert no nytta vörterøl, brus- og pilsnerøl.

64. Heimabrygg er heilt avlagt – Til småe graoferder som vert haldne heime – hev dei endå föring av söt mjölk eller anna, som kan verta nytta i graoferdi.

65. Ved graoferd no fer folk ved bordseta Koffi og gode smörbröd – eller full middag med Koffi og kakor ellegjå.–

66. Dei som gjeskjer det fer jamnast lett öl til middag.

67. Ja, her i bygdi vert store samkomor jamnast haldne på eit av hotelli.–

68. Det er endå mest vanleg at ein vyrd mann fer kringum og bed. Men frå 1920 åri

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10198

tok sume til å senda skrift-leg bod.

69. Embetsfolk og dei fremste bønder har lenge kunngjort dødsfall med lysingar i blad. Kring 1920 tok vanlege folk til å lysa ut dødsfall i bygdeblad.

II. Nye festar.

70. Ved nasjonale festdagar, 17. mai, 7. juni, store stemnor, utstillingsdagar og frigjeringsdagar etter krig er det vanleg at god nasjonal mat vert nytta: Rjømegraut, spikekjøt, ungelam og lutafisk – med god koffi og kakor ettersom.

71. Mange har halde morsdagen frå 1918-åri. –

72 Frå 1948 held dei sume stader farsdagen. Til denne tid har det ikkje vore so mange.

73. På desse dagane vert det nytta umfram god koffi og fine kakor. –

74. Kakone lagar dei sjølve i heimane. –

75. Desse festdagane tok folk til med avdi dei las um det i bladi. –

Balestrand 25. januar 1955
A. Askåsheim. –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10198